

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Førde HF  
Dato: 21.10.2019  
Sakhandsamar: **Øystein Helleseth**  
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda per september 2019**

**Arkivsak**

2018/552

**Styresak 081/2019**

**Styremøte 28.10.2019**

---

## Framlegg til vedtak

Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per september 2019 til vitende.

## Administrerende direktør si vurdering

Helse Førde fekk eit overskot på 3,3 millionar kroner i september. Dette er 0,3 millionar betre enn budsjett. Aktiviteten var lågare enn budsjett for alle klinikkane og spesielt innanfor døgnbehandling. Medisinsk og kirurgisk klinikk var 229 DRG-poeng bak budsjett, men i samband med gjennomgang av koding for andre tertial vart det funne 155 poeng. Samla var ISF-inntektene 1,4 millionar bak budsjett.

Føretaket har eit meirforbruk på personalkostnader med 2,8 millionar. I denne summen har administrerende direktør valt å legge inn avsetjingar på 0,7 millionar som ikkje høyrer til perioden. Dette inkluderer eldre fordringar mot NAV, overlegepermisjon og effekt av lønsoppgjæret. Reelt meirforbruk er av den grunn 2,1 millionar, noko som er på same nivå som tidlegare periodar. Administrerende direktør vurderer at det vil vere meirforbruk knytt til personalkostnader resten av året også, men ventar at det skal gå ned etter kvart som tiltaka får effekt.

Resultatkravet på 36 millionar meiner administrerende direktør er råd å nå. Dette føreset at aktiviteten aukar ut året og at vi klarer å redusere noko av meirforbruket på personalkostnader.

Innanfor fag har føretaket enkelte område der utviklinga ikkje er god nok. Administrerende direktør vil peike på fristbrot knytt til ventetid for poliklinisk utgreiing og behandling for einskilde fagområde. Trass i at ventetida samla sett er redusert for ventande no i haust, har vi ikkje greidd å redusere talet fristbrot i vesentleg grad i september.

Administrerende direktør har av den grunn bedt kirurgisk og medisinsk klinikk om å føreta ein særskilt gjennomgang og rapportere tilbake på status for fristbrot. Bestillinga er dels å sjå over dei tilfella vi fekk i september, men viktigast er å gå gjennom i høve potensielle fristbrot framover og få rapport på kva tiltak føretaket arbeider med for å unngå flest mogleg av dei.

For fleirtalet av dei polikliniske fagområda er det likevel verd å understreke at Helse Førde når måla som er sett om ventetider og 0 (null) fristbrot.

Administrerende direktør registrerer at prosjektet «Vel planlagt» som er ein del av programmet «Alle møter», arbeider godt med å auke tildeling av direkte time. Tre avdelingar er no pilotar, og alle kan vise til gode resultat på siste rapportering. Administrerende direktør ser at erfaringane vi har fått frå pilotavdelingane har overføringsverdi til andre.

Når det gjeld triage og start av antibiotikabehandling innan ein time ved sepsis i akuttmottak, er resultatane stabilt gode. For trygg pleie-tiltaka registrerer administrerende direktør at ein no har fått til ei gradvis utvikling i rett retning.

Innan HMS registrerer administrerende direktør at sjukefråværet ikkje har endra seg vesentleg frå juli. Samla sjukefråvær i Helse Førde i august er 6 prosent. Dette er 0,1 prosentpoeng høgare enn juli 2019, og 0,8 prosentpoeng over juli 2018. Administrerende direktør ser nedgang i langtidssjukefråvær og noko auke i korttidssjukefråværet. Samla sett viser fråværet i Helse Førde akseptable tal. Det kan likevel vere grunn for å overvake tala til psykisk helsevern vidare, og til ein viss grad også tala til medisinsk klinikk. Siste månaden viser tala til psykisk helsevern positiv utvikling.

Administrerende direktør har ikkje registrert noko særskild auke knytt til andre HMS-hendingar eller tilsetteskadar.

## **FAG**

### **Ventetid for ventande ved periodeslutt**

Gjeld ventetid for nytilviste til første behandling eller utgreiing. Gjennomsnittleg ventetid for dei ventande var 48 dagar ved utgangen av september (61 i august). Ventetida er sju dagar kortare enn i september 2018.

### **Ventetid - helsehjelp starta i perioden – måltal 56 dagar**

Gjennomsnittleg ventetid for dei nytilviste som fekk starta behandling i september, var 70 dagar (69 dagar i august). Det er fire dagar meir enn dei som vart behandla i september 2018.

### **Fristbrot samla (ventande/starta behandling) – måltal 0 prosent**

Totalt 88 fristbrot svarande til 1 prosent av alle ventande (79 i august).

Det var 55 nye fristbot svarande til 2,5 prosent av alle med frist i perioden (2,6 prosent i august). Gjennomsnitt for Helse Vest er 4,0 prosent.

### **Direkte timetildeling – måltal 100 prosent (ingen tentative timer)**

Førebels 87 prosent for første time (88 prosent i august). Gjennomsnitt for Helse Vest er 85 prosent.

68 prosent fikk oppfølgingstime innen 24 timar (63 prosent i august). Gjennomsnitt for oppfølgingstime i Helse Vest er 66 prosent.

### **Andel ikkje møtt**

Stabilt lågt med 1,7 prosent i september (1,8 prosent i august). Gjennomsnitt for Helse Vest er 3,9 prosent.

### **Epikrisetider**

Innan 1 dag: Somatikk 73 prosent i september og hittil i år 75 prosent (74 prosent i 2018). Psykisk helsevern 31 prosent i september og hittil i år 34 prosent (32 prosent i 2018)

Innan 7 dagar: Somatikk 92 prosent i september og hittil i år 92 prosent (92 prosent i 2018). Psykisk helsevern 94 prosent i september og så langt i år 90 prosent (94 prosent i 2018).

### **Korridorpasientar**

Stabilt lågt med 4 korridorpasientar, svarande til 0,1 prosent (0,1 prosent i august). Gjennomsnitt i Helse Vest er 1,2 prosent.

### **Utskrivingsklare pasientar**

Stabilt lågt med 6 døgn i august (4 Vågsøy og 2 Gaular), svarande til 0,2 prosent av alle liggedøgn (0,9 prosent i snitt i 2018). Gjennomsnitt for Helse Vest er 1,8 prosent.

### **Stryking av planlagde operasjonar**

Det var 22 strykingar av totalt 533 planlagde operasjonar svarande til 4,1 prosent (7,4 prosent i august). Gjennomsnitt for 2018 var 2,7 prosent.

## AKTIVITET

### Somatikk

Somatikk	Denne periode					Til no i år				
	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik
DRG-poeng dag/døgn, A	1 536	1 770	-233	1 709	-173	15 140	15 398	-257	15 155	-15
DRG-poeng poliklinikk, A	438	440	-3	414	23	3 882	3 675	206	3 635	247
DRG-poeng biologiske legemiddel, A	103	98	5	74	29	1 406	1 624	-218	1 441	-35
DRG-poeng tilhørende andre regionar, (B)	44	41	3	34	10	430	369	61	362	68
<b>SUM DRG poeng produsert i HF (A+B)</b>	<b>2 121</b>	<b>2 350</b>	<b>-229</b>	<b>2 231</b>	<b>-110</b>	<b>20 859</b>	<b>21 066</b>	<b>-208</b>	<b>20 593</b>	<b>265</b>
DRG-poeng behandla andre regionar	164	165	-1	153	11	1 449	1 335	113	1 373	76
<b>Sum DRG-poeng eigne pasientar</b>	<b>2 241</b>	<b>2 473</b>	<b>-233</b>	<b>2 350</b>	<b>-109</b>	<b>21 877</b>	<b>22 032</b>	<b>-155</b>	<b>21 604</b>	<b>273</b>
Tal dagkirurgi/dagbehandling	1 129	1 212	-83	1 091	38	10 746	10 332	414	10 202	544
Tal sjukehusopphald	1 373	1 603	-230	1 559	-186	13 519	14 074	-555	13 928	-409
Tal polikliniske konsultasjonar	10 808	11 001	-193	10 228	580	94 630	91 458	3 172	90 083	4 547

### Perioden

Aktiviteten i perioden var 3,7 prosent lågare enn budsjett målt i tal behandla eller undersøkte pasientar, men 3,4 prosent høgare enn førre året. Samla DRG-produksjon i føretaket var 9,7 prosent lågare enn budsjett (229 poeng) og 5 prosent lågare enn førre året.

### Til no i år

Akkumulert er aktiviteten 2,6 prosent betre enn budsjett målt i tal behandla eller undersøkte pasientar og 4,1 prosent over fjoråret. I forhold til DRG-produksjon er aktiviteten 1 prosent lågare enn budsjett (208), men 1,3 prosent høgare enn fjorårsproduksjonen.

### Psykisk helsevern

Psykisk helsevern	Denne periode					Til no i år				
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor
<b>Psykisk helsevern vaksne</b>										
Tal heildøgnsopphald	1 481	1 578	-97	1 454	27	14 056	13 309	747	12 862	1 194
Tal utskrivne pasientar	88	87	1	82	6	810	784	26	751	59
Poliklinisk dagbehandling	0	28	-28	34	-34	174	220	-46	274	-100
Polikliniske kons. m/refusjon	2 298	2 433	-135	2 044	254	18 459	19 338	-879	18 330	129
<b>Rus</b>										
Tal heildøgnsopphald	666	660	6	656	10	5 310	5 569	-259	5 682	-372
Tal utskrivne pasientar	24	20	4	19	5	176	176	-0	182	-6
Polikliniske kons. m/refusjon	234	293	-59	245	-11	2 022	2 329	-307	2 382	-360
<b>Psykisk helsevern barn og unge</b>										
Tal heildøgnsopphald UPH	166	109	57	72	94	893	872	21	804	89
Tal utskrivne pasientar UPH	4	7	-3	3	1	47	60	-13	52	-5
Polikliniske kons. m/refusjon	1 458	1 761	-303	1 458	0	12 645	13 052	-407	12 035	610

### Psykisk helsevern for vaksne (VOP/RUS)

Aktiviteten innan PHV har i perioden vore lågare enn budsjett, men høgare enn same periode i fjor. Beleggsprosenten på dei distriktspsykiatriske sentera (DPS) er 84 prosent i snitt. Akuttposten hadde 80 prosent belegg i perioden. Akumulert er aktiviteten om lag som budsjettet, men høgare enn fjoråret.


Innanfor rus er aktiviteten litt lågare enn budsjett, men på same nivå som i fjor. Hittil i år er aktiviteten lågare enn i fjor og planlagt. Gjennomsnittleg beleggsprosent på ruspostane er 72 prosent i perioden.

### Psykisk helsevern for barn og unge (PBU)

I perioden var aktiviteten lågare enn budsjett, men noko høgare enn same periode i fjor. Til no i år er aktiviteten noko bak budsjett, men samanlikna med fjoråret er aktiviteten noko høgare.

### Beleggsprosent

Rapporteringa viser tal pasientar i seng klokka 07.00 målt mot tal fysiske senger.



Beleggsprosenten i perioden er 84 prosent i snitt på DPS og 72 prosent på ruspostane. UPH hadde eit belegg på 92 prosent i perioden. Akuttposten hadde eit belegg på 80 prosent.

## ØKONOMI

Helse Førde	Denne periode			Til no i år		
	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett
Basisramme	168 862	168 862	0	1 438 983	1 438 983	0
Inntekter pasientbehandling	62 075	63 469	-1 394	556 707	560 414	-3 707
Øyremerka tilskot	3 308	2 711	597	21 377	24 402	-3 024
Andre driftsinntekter / Eigendelar	14 902	13 661	1 242	123 403	118 974	4 428
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>249 148</b>	<b>248 704</b>	<b>444</b>	<b>2 140 471</b>	<b>2 142 773</b>	<b>-2 302</b>
Kjøp helsetenester	-12 213	-13 937	1 724	-117 417	-116 886	-531
Varekostnad	-23 761	-25 193	1 432	-212 762	-220 788	8 026
Innleige personell	-2 370	-1 775	-595	-21 324	-16 420	-4 904
Personalkostnader	-142 344	-140 103	-2 241	-1 206 612	-1 191 164	-15 448
Pensjonskostnad	-20 945	-20 982	37	-186 954	-186 954	0
Ordinære avskrivningar	-6 199	-6 333	134	-56 322	-57 000	678
Andre driftskostnader	-38 355	-37 266	-1 090	-320 490	-325 306	4 816
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>-246 187</b>	<b>-245 589</b>	<b>-598</b>	<b>-2 121 880</b>	<b>-2 114 517</b>	<b>-7 363</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>2 961</b>	<b>3 115</b>	<b>-154</b>	<b>18 590</b>	<b>28 256</b>	<b>-9 666</b>
Finansinntekter	589	117	473	4 112	1 050	3 062
Finanskostnader	-225	-232	7	-2 053	-2 306	253
<b>Finansresultat</b>	<b>364</b>	<b>-115</b>	<b>479</b>	<b>2 059</b>	<b>-1 256</b>	<b>3 315</b>
<b>Ordinært resultat</b>	<b>3 325</b>	<b>3 000</b>	<b>325</b>	<b>20 650</b>	<b>27 000</b>	<b>-6 350</b>

### Perioden

Resultatet i perioden er eit overskot på 3,3 millionar kroner, som er 0,3 millionar betre enn budsjett.

Inntektene er 0,4 millionar høgare enn budsjett. Aktiviteten var lågare enn budsjett i perioden, noko som medførte at inntektene knytt til pasientbehandling var lågare enn budsjett. Det vart produsert 229 poeng mindre enn budsjett, men gjennomgang av andre tertial koding bidrog positivt med 155 poeng. Andre driftsinntekter inkluderer eigendel frå pasientar. Tal undersøkte eller behandla pasientar var høgare enn plan, som er hovudforklaringa til at andre driftsinntekter er høgare enn budsjett.

Sum driftskostnader i perioden var 0,6 millionar høgare enn budsjett. Det var eit mindreforbruk til kjøp av helsetenester og varekostnader, medan det var eit meirforbruk på personalkostnader og andre driftskostnader.

Når det gjeld kjøp av helsetenester har det i perioden vore eit mindreforbruk innanfor PHV og somatikken på til saman 0,7 millionar, samt at vi i tidlegare periodar har hatt kostnader innanfor

stabsområdet som er reversert. Når det gjeld varekostnad er det eit mindreforbruk på 1,4 millionar i perioden, av dette er 1,7 millionar knytt til H-resept.

Personalkostnader har eit meirforbruk på 2,8 millionar. Dette inkluderer 0,7 millionar knytt til avsetjingar som ikkje høyrer til perioden, herunder eldre fordringar mot NAV, overlegepermisjon og effekt av lønsoppgjeret. Reelt meirforbruk er derfor 2,1 millionar, som er på same nivå som tidlegare periodar.

Andre driftskostnader har eit meirforbruk på 1,1 millionar. Pasienttransport bidrar positivt med 0,4 millionar. I perioden er det gjort ei avsetjing for krav mot utanlandske pasientar på 0,5 millionar.

### Akkumulert

Akkumulert resultat er 20,7 millionar, som er 6,3 millionar dårlegare enn budsjett. Inntekter er 2,3 millionar under budsjett. Driftskostnader er 7,4 millionar høgare enn budsjett. Finansresultat bidreg positivt med 3,3 millionar.

Varekostnaden er 8 millionar lågare enn budsjett. Av dette utgjer H-resept 13,8 millionar. I forhold til resultat, og då avvik mot budsjett, bidreg H-resept positivt med 9,1 millionar. Personalkostnad og innleige har eit meirforbruk samanlikna med budsjett på 20,3 millionar.


I andre driftskostnader er det eit mindreforbruk på 4,8 millionar. Pasienttransport har eit positivt avvik mot budsjett på 8,8 millionar. Resultateffekten for pasientreiser er positiv med 9,3 millionar på grunn av litt høgare inntekter enn budsjettet.

### Likviditet

Per utgangen av august 2019 hadde Helse Førde ein positiv likviditet på 308,4 millionar kroner. Føretaket har ei disponibel trekkramme på driftskreditten med 185,5 millionar kroner som ikkje vert nytta.


## MEDARBEIDARAR

### Sjukefråvær



Samla var sjukefråværet i perioden 6,0 prosent. Det er 0,8 prosentpoeng høgare enn same månad i fjor og 0,1 prosentpoeng høgare enn førre månad.

## Månadsverk



Brutto månadsverk i perioden var 2273. Dette var 73 fleire enn same periode i 2018.


Netto månadsverk i august var 2113. Dette var 77 fleire enn same periode i 2018.

Brutto månadsverk er summen av alle månadsverk som Helse Førde betaler løn for (inklusive betalte permisjonar).

Netto månadsverk er brutto månadsverk minus betalte permisjonar og ferie-/sjukevikarar.


## Synergi

Melde saker i perioden januar til august 2019 samanlikna med same tidsrom i 2018, fordelt på sakstypar:



Totalt melde saker er 1760 mot 1743 førre år.

## Tal saker med og utan konsekvens for gruppene pasientsaker, HMS-, drift- og IKT-saker:



Samla var det per august i 2019 meldt 6,8 prosent fleire saker enn same periode i 2018. Delen melde saker med konsekvens, er 15,8 prosent. Dette er ein nedgang frå 2018 då andelen var 19,2 prosent. 98 saker er ikkje ferdig kategoriserte av leiarar i forhold til om sakene er med eller utan konsekvens.

### Pasientrelaterte saker melde fordelt på type hending:

Tal hendingar	Januar – august 2018		Januar – august 2019	
	Utan konsekvens	Utan konsekvens	Utan konsekvens	Med konsekvens
Pasientadministrasjon	60	7	55	3
Diagnostikk/utredning	26	13	21	5
Behandling og pleie	63	19	56	8
Fall og uhell	43	20	58	21
Dokumentasjon/infor.	42	5	30	0
Infeksjon	0	0	0	2
Legemidlar og blod	68	9	60	10
Medisinsk utstyr	5	1	2	2
Pasientadferd	28	8	15	5

Oversikta viser pasienthendingar melde i Synergi. Tabellen inkluderer ikkje hendingar som ikkje er kategoriserte.


Hendingar med konsekvens betyr at pasienten er skadelidande på ein eller annan måte. Hendingar utan konsekvens var hendingar som ikkje hadde konsekvens for pasienten, men avviket har potensiale for å påføre konsekvensar. Inndelinga i emne skjer etter ei nasjonal klassifisering.



## Trygg kirurgi

Sjekklista for trygg kirurgi er implementert og i bruk i Helse Førde. Utviklinga syner stabil registrert bruk av sjekklista på nær opp til 100 prosent.


TryggKirurgi




## Trygg pleie

Tiltakspakken trygg pleie registrerer gjennomført screening av pasientar for å avdekke risiko for fall, trykksår og ernæring. Figurane viser utvikling for dei seks siste månadene. Til høgre i figurane er avdelingane sortert i rekkjefølgje etter oppnådd prosent.


Målet er at 90 prosent av pasientane skal screenast. Føretaket har ikkje klart å oppfylle målsetjinga for nokon av områda fall, trykksår og ernæring. Det er sett i gang tiltak for å forbetre dette.



Snittet for Helse Førde er 73,2 prosent mot 72,5 prosent i august.




Snittet for Helse Førde er 69,2 prosent mot 66,4 prosent i august.




Snittet for Helse Førde er 58,9 prosent mot 56 prosent i august.

## Oppfølging sepsis i akuttmottak



Pasientar med mistenkt infeksjon blir triagert innan målet på ti minutt etter at dei har kome i akuttmottak.



Pasientar som fyller to eller fleire kriterium i QSOFA (quick Sepsis related organ failure Assessment), og som får antibiotikabehandling innan ein time. Vi er innanfor tidsgrrensa i forhold til både mediantid og gjennomsnittleg tid.